

Randi Frette og
Oddbjørn Sande,
Flåtevegen 9,
Frette, 5590 Etne

Frette, 20.08.2018

Til: Kulturminnefondet.
Kopi: Etne kommune, SMIL.
Kopi: Hordaland Fylkeskommune.

SLUTTRAPPORT GAMLALØA PÅ FRETTE.

Det er med stor glede me rapporterer om at prosjekt nr. 160447 Gamlaløa på Frette, Etne kommune i Hordaland, er ferdig!

Sidan det er vanskeleg å forklara alt i det standardiserte skjemaet for sluttrapport til Kulturminnefondet, legg me difor ved denne utfyllande rapporten i tillegg.

Tidsbruk:

I og med at dette prosjektet har vore ein draum for meg (Randi) i 30 år (av 44), så er det ikkje så ille at gjennomføringa tok nesten 2 år i staden for eitt.

Eg rapporterte tidlegare til Kulturminnefondet at prosjektet ikkje kom i gang før 21. oktober 2016. Mannen min (Oddbjørn) fekk ribbebeinsbrot tidleg på hausten, og hadde vondt lenge. I tillegg hadde me rekna med litt hjelp frå far min, men han brekte lårbeinet og tommelen den hausten, og vart difor innlagt på sjukeheimen ein periode.

Ikkje lenge etter oppstart fekk snekkeren ryggproblem, og vart sjukemeldt nokre veker. Lårbeinsbrotet til far min grodde, men i 2017 fekk han fleire brot i ryggen, så frå å vera ei god hjelp for oss, var det me som måtte hjelpa han i ein lang periode.

Me mista også leigeavtalen me hadde på ein nabogard, difor fann eg det naudsynt å gå ut i arbeid utanom garden. Dermed vart eg ikkje så mykje med i det praktiske arbeidet på prosjektet som eg hadde tenkt.

Folk som hadde lova å gjera ein jobb for oss på løa, tok ikkje telefonen når me prøvde å få tak i dei (lenge!), og til slutt måtte me få inn nokon andre. Så av og til stoppa prosjektet opp av slike grunnar, og det var vanskeleg å halda ei god framdrift. Ganske frustrerande til tider, men no er me heldigvis komne i mål!

Eigenvurdering av prosjektets faglege resultater og gjennomføring:

Arbeidet er utført med kjærleik og respekt for bygget. Vala me har gjort, har vore bevisste og gjennomtenkte. Me har så langt som råd prøvd å vera tru mot tidsepoken som løa høyrer til. Samstundes skal bygget vara lengst mogeleg vidare framover, og brukast i den tida me lever i no. (Vern gjennom bruk).

Nøyaktig kva tid løa vart bygd, veit me ikkje, men me trur at den eldste delen kan vera frå 1700-talet (og gjerne eldre). Løa vart delt då garden vart delt på 1860-talet. Sidan vart ho vølt rundt 1920, då salet av nokre fallrettar gav god inntekt til bruket. Då vart også kledninga bytta, - dermed var det ikkje brukt trenaglar lenger, men spiker.

I dei gamle bygningsdelane er det brukt store trenaglar på skråband, og både smidd spiker og klippspiker på mindre bygningsdelar. Me måtte då føreta ei vurdering på kva me skulle velja. Både smidd- og klippspiker var i bruk på 1800-talet. Smidd spiker har prisar oppgitt pr. stk... Bygningsvernkonsulenten til Sunnhordland museum anbefalte klippspiker.

Me har valt å bruka klippspiker, hengsler, hjørnejern til vindauga og laga sjølv dørhandtak, som alle ser ut som dei kunne ha vore laga på 1800-talet. (Dei dørhandtaka me fann på internett var for mykje dekorerte, og passa betre på eit stabbur i Telemark eller Gudbrandsdalen, enn på ei enkel løe i Sunnhordland).



Me har brukt moderne verktøy, som mobilt sagbruk og motorsag, for å forenkla byggearbeidet. Men synlege bjelkar, sperrer og reisverk er hogde med øks etterpå, for å vera mest mogeleg likt det gamle. Skulle me ha brukt opprinnelige verktøy, ville tidsbruken og kostnaden ha blitt mykje større, og det hadde me ikkje budsjett til.

Me har brukt ein del skjulte skruar og «bulldoggar» for å forsterka konstruksjonen og halda den betre saman. Men me har også nokre synlege gjengestenger med firkantskiver og mutter, sidan dette var brukt tidlegare også (truleg frå 1920- vølinga, kanskje tidlegare).

For inspirasjon til arbeidet har me vore rundt og sett på m.a. museumet Sæbøtunet, og dei gamle kyrkjene i Etne. I Gjerde kyrkje la me merke til at det også var brukt slike synlege gjengestenger/ firkantskiver/mutterar ved ei tidlegare istandsetjing inne i kyrkjeskipet. (Gjerde kyrkje vart flytta frå Lille-Sandviken i Bergen til Etne i 1676, og sist restaurert i 1956).



(Bilete frå 2015).



(Bilete nesten same stad i 2018).

Me har skifta ut minst mogeleg av dei gamle bygningsdelane. Men det var meir råte enn me var klar over på førehand. Der det gjekk an, skar me vekk dei skada delane og skøyta inn ein tilsvarende del. Fleire taksperrer viste seg å vera råtne i toppen, og av omsyn til vekta taket skulle tåle, måtte dei skiftast ut med nye. Desse vart laga etter mønster av dei gamle sperrene, med not-og penn- samanføyning i mønet, og hakk som passa på stavlegjet nede. Men mange av dei var likevel ganske bra når me skar vekk toppen, og kunne difor gjenbrukast som sperrer nede på halvtaket.

Halvtaka var laga i skore reisverk (truleg vølt av far min på 1970-talet). Det me ikkje hadde tenkt over, var at dette var for spinkelt til å tåla vekta av hedletaket som me skulle leggja der no. Det vart difor beslutta å setja opp nytt reisverk i hogd tømmer, med mange av dei tidlegare nemnde gjenbrukte taksperrene . Me syns resultatet såg veldig bra ut, og det harmonerte veldig godt med den opphavlege grindverkskonstruksjonen.



(Halvtak med gjenbrukte taksperrer).

Fundamenta til stavane var ganske därlege. Stavane stod på låge svettasteinar, som berre låg rett på bakken. Difor hadde bygget også sige veldig skeivt fleire stadar, og fukt/ vatn hadde trengt oppover i stavane og forårsaka råte. Så om staven såg heil og solid ut på utsida, kunne den vera heilt råten inni. Me grov vekk jord ned til fast grunn, og forskala og støypte fundament til alle stavane. Oppå fundamenta sette me svettasteinar, som stavane no står tørt og trygt på. Me skar vekk den nederste delen av staven der det var råte, og skøyta inn nytt treverk nedst.

Me laga også ein låg ringmur av murestein, slik at ikkje kledninga skulle gå heilt ned til bakkenivå. Her vart det mykje råte før, sidan regnvatn skvetta opp frå bakken, og på den nedste delen av kledninga. No vil kledninga halda seg ganske tørr sjølv om det regnar.

Kledninga var jamt over i svært dårlig stand, med mykje råte og mått. Den har stått ubehandla i mange år, og var nok i utgangspunktet ikkje av spesielt god kvalitet. Den var sprø, og gjekk mykje sundt då me tok den ned. Så all kledning vart difor skifta ut med nyskoren kledning frå tømmer av spesielt god kvalitet, med mest mogeleg al-ved i.

Snekkaren vår laga også takrenner og -nedløp i tre, for å halda kledninga tørrare og unngå råte.

Etter å ha konferert med bygningsvernskonsulenten ved Sunnhordland museum, kom eg fram til at kledninga skulle vera ubehandla – han meinte at den haldt like lenge då som dersom den var tjørebreydd, dersom den var med mykje al-ved i. Men sommaren i fjor var svært regnfull. Det regna 70 av 72 dagar i fjor sommar, og kledninga stod våt heile sommaren. Det bar den også preg av, og antydning til svart sopp byrja allereie å komma fram. Me diskuterte problemet med snekkeren, som meinte at sjølv om al-veden ikkje råtnar så lett, vil det alltid vera noko geita også. Og den tåler ikkje like mykje. Me kom difor fram til at kledninga måtte behandlast likevel.

Så var spørsmålet: tjørebreiing? Eg snakka med nokre her på staden som hadde gjort dette på ei gamal løe for nokre år sidan. Dei gjorde det på gamlemåten, varma tjøra opp før dei påførte den, osv. Men resultatet vart diverre ikkje så varig. Anten det er fordi kvaliteten på produktet ikkje er like god som den var i gamle dagar, eller fordi klimaet her er for regnfullt. Etne er ein av dei våtaste plassane i Noreg. I fjor hadde me nesten nedbørsrekorden for landet, med 4309 mm nedbør i heile 2017, berre slegne av Gullfjellet i Bergen.

Det står ingen stavkyrkjer i Etne lenger. Rett nok står Stødle kyrkje frå år 1165 den dag i dag, men den vart bygd i stein. Stavkyrkjene i Etne forsvann, og det kom tømra kyrkjer i staden (Gjerde stavkyrkje stod fram til år 1674, Skånevik stavkyrkje til 1682, og Grindheim stavkyrkje til 1728). Tjørebreiing er kanskje ein god metode for behandling av kledning i tørrare delar av landet, der dei gjenståande stavkyrkjene står. Men hjå oss tvilar eg på at det er godt nok.

Dei eg snakka med som hadde prøvd tjørebreiing på den gamle løa si, hadde gått over til beis etterpå. Og det såg ut til å halda mykje betre. Ein annan kjenning eg har, eig den sist bebudde husmannsplassen i Etne (landet?) Den er velhalden, men ser likevel gammal ut. Eigaren fortalte at bygningane er beisa med ein farge som heiter «Fjellgrå». Då ser nesten kledninga ut som den har stått ubehandla i 50 år, med ein sølvgrå farge. Dette vart førebiletet mitt: eg hadde lyst til at kledninga skulle sjå ut som om den var ubehandla. Men likevel unngå råte på grunn av det våte klimaet i Etne.



(Førebletet for fargeval: Husmannsplassen Stødl (Stølen) på Frette. Oppretta 1885. Siste «husmann» var Marta Bertine Hallvardsdotter Skjold, som budde her fram til ho døydde 99 år gammal i 1992).

Sommaren 2018 vart den tørraste i manns minne. Me beisa heile løa eitt strok med «Fjellgrå», og fekk også behandla takrennene og -nedløpa godt. Då regnet og uværet omsider kom, prella vatnet av veggen. Så no har me god tru på at løa vil stå i 200 år til!





Nokre vindauge vart vølt, og nokre vart laga «nye», med gjenbruk av gamle glas og hjørnejern der me hadde dette. Vindauga vart vøla/ handlaga av Knut Hamre (85 år), etter gamal metode og materialbruk. Han har tidlegare drive mykje med restaurering av bygg i inn- og utland, og har m.a. hatt fleire oppdrag for Riksantikvaren. Me var veldig glade for at han tok på seg dette oppdraget, og var svært nøgde med resultatet! Vindauga var behandla med linolje/ terpentin før me sette dei i veggen. I sommar fekk dei eit strøk med linoljemaling. (Kvit farge, sidan nokre av vindauge var kvite frå før, og dessutan var vel kvit ein farge som tidlegare var eit teikn på litt rikdom. Sidan Frette historisk sett er ein gard, og ikkje ein husmannsplass, syntes eg dette kunne forsvarast på ein grei måte.)



Utfordringar/ avvik frå planane:

- Det var ein del spørsmål me ikkje hadde tenkt på i planleggingsprosessen. Behova viste seg etter kvart i byggeprosessen. I tillegg hende det uføresette ting, som gjorde at me måtte tenkja nytt.
- Me hadde undervurdert kor mykje tømmer som ville gå med. I søknaden hadde me anslått at me trong 7 m³. I realiteten gjekk det 4 tømmervogner à ca 10 m³ (= 40 m³). (I tillegg til 1,5 vogn tømmer til kledning.)
- Me hadde tenkt å bruka ferdigskore material til å vøla reisverk i hengeskutane, men dimensjonen som var brukta frå før, var veldig spinkel. Sidan me skulle ha skifer på taket, brukte me skore/ hogd tømmer i staden, det har ein heilt annan berestyrke.
- Alt synleg tømmer i berande konstruksjonar vart handhogge med øks etter at det var skore. Dette var ganske arbeidskrevjande, og det aller meste av det vart gjort som eigeninnsats.
- Me hadde også tenkt å kjøpa inn ferdig material til sutaket. I staden skar me det sjølve på det mobile sagbruket. Sutaket vart laga med varierande breidder på borda. Då fekk me utnytta tømmeret svært godt, slik dei også ville ha tenkt når bygget vart reist i si tid. Me skar også material til lekter og rekter sjølve. På grunn av dette vart eigeninnsatsen mykje større enn berekna, men resultatet vart meir tilfredsstillande.
- Då me tok ned hedlene på hovudtaket, vart dei sirleg merka, med kvar rekkje på eigne paller. Slik skulle det bli enkelt når takhedlene skulle leggjast opp igjen. Men då nokon ved eit uhell køyrd på 2 paller og øydela ein god del hedler, fekk me eit problem med systemet vårt! Resultatet vart at heile taket måtte leggjast i nytt system, noko som sjølv sagt var ganske tidkrevjande. Men då snekkeren og Oddbjørn fekk «taket» på dette, gjekk det faktisk heilt greitt!
- Me hadde planlagt å støypa ny låvebru, sidan det gamle brudekket (som vart støypt av bestefar min for om lag 80 år sidan) hadde begynt å falla ned i store betar. Men då me skulle ta vekk brudekket, følgde sidevangane med! Dei hadde me jo ikkje tenkt å byta! Far min, som tidlegare jobba som forskalingssnekker, gjorde nok ein grundig jobb då han festa desse til låvebrua då han støypte vangane ein gong på 60-70-talet... Så då måtte me laga nye føringeskantar, mest mogeleg like dei som stod der før.
- Me hadde sett opp ein «Diverse»- post på 12.000,- kr (+ mva) som skulle dekkja spiker, presenningar, transport mm. Men me hadde ikkje tenkt over at me skulle bruka spesialspiker – berre klippspikeren aleine kosta over 13.000,- (inkl. mva). Hengsler hadde me ikkje tenkt på i det heile teke... Me hadde dei eksisterande hengslene som var på låvedøra som modell for korleis me ville at dei andre hengslene skulle sjå ut. Dei me fann som likna mest, kosta nesten 22.000,- for alle (inkl. mva). I tillegg spesialbestilte me hjørnejern og hengsler til glas der det mangla – likt dei eksisterande gamle – også dette var noko me ikkje hadde komme på då me planla prosjektet.
- Likevel traff me veldig godt på budsjettet vårt totalt sett! Noko vart dyrare, noko vart billegare, og noko vart gjort på andre måtar enn me hadde planlagt.



Bilete frå 2015, og frå nesten same vinkel i juni 2018.



Kommentarar til rekneskapet:

- Eg trur nok me har skrive for lite timer – eg trekte vekk $\frac{1}{2}$ time pr dag for matpause, men svært ofte diskuterte me problemstillingar med bygginga i pausane, og sat og teikna skisser medan me åt (og etter arbeidstid). Så reelt timetal er nok ein del høgare enn det som kjem fram i rekneskapet!
- Eg byrja også å skriva blogg om prosjektet (www.frettegarden.blogg.no). Fikk mykje positive tilbakemeldingar på denne av folk me møtte, så mange har syntes det har vore interessant å følgja med på prosessen. Blogginga var ganske tidkrevjande, men eg har ikkje ført nokon arbeidstimar på dette.
- Når det regna, pleide det å komma ein stor vassdam inne i løa tidlegare. Difor la me litt ekstra arbeid inn i drenering, og støypte golv inne i løa. Dette var ikkje med i den opprinnelege planen, men me fann at det var naudsynt likevel. Eg har spesifisert det i rekneskapet, dersom de finn det rett å trekkja det i frå (ca. 90.000,- kr inkl. mva).
- Låvegolvet var med i budsjettet. Det har me ikkje fått tid til enno, men kjem til å ta det snart. Så det er ein kostnad som ikkje har komme med i rekneskapet. (ca. 50.000,- kr pluss mva, om me leiger inn snekker). Men no er i alle fall taket over låven heilt tett, så skaden blir ikkje verre enn den er no.
- Me ventar på ei rekning på hjørneblikk på halvtaket, det trur eg er den siste direkte byggjekostnaden. I tillegg kjem også kostnaden med å revidera lœ-rekneskapet, den veit me ikkje enno. Men eg håpar og trur at desse to beløpa til saman ikkje vil vera over 10.000,- kr.
- Som det går fram av rekneskapet, brukte me mindre snekker og innleidt arbeid enn me hadde kalkulert. Til gjengjeld hadde Oddbjørn fleire eigeninnsatstimar enn me hadde trudd på førehand.
- Maskinkostnaden var også noko større enn kalkulert – og eigentleg endå større enn me har skrive i rekneskapet. Me brukte gravemaskina mykje under oppretting av hovuddelen, - den vart også ståande lenge ved løa som «mothold». Me hadde gravemaskina som solid feste for jekketaljer, og sjølv om den ikkje brukte diesel då, kunne den ikkje brukast ute på anna arbeid utanom garden.
- Me brukte meir frå eige lager enn kalkulert på førehand. Me hadde mindre utlegg på sutak, lekter og rekter, sidan me skar dette sjølv. Men det første sjølvsagt til at andelen eigeninnsats vart desto større!
- Glas, hengsler og klippspiker mm høyrer inn i diverseposten, og denne vart då på over 60.000,- (inkl. mva), i staden for 12.000,- (u.mva). Så der bomma me ganske mykje på kalkylen.
- Men alt i alt syns eg me traff veldig godt på resultatet i høve til budsjettet!

Budsjett (inkl. mva): **1 143 321,58 kr**

Rekneskap (inkl. mva): **1 176 651,43 kr** (avvik på 33 329, 85 kr).



Før- og etter- bilet.



Til slutt må me innrømme at me er veldig stolte over kva me har fått til! Men me hadde ikkje sett i gang utan den gode økonomiske støtta me fekk frå Kulturminnefondet, Etne kommune/SMIL og Hordaland fylkeskommune. Tusen hjarteleg takk for støtta! Og de er alle hjarteleg velkomne dersom de vil komma og sjå resultatet!

Randi Frette og Oddbjørn Sande

*Randi Frette,
28/8-18.*